



Arkivnr: 2015/5700-2

Saksbehandlar: Beate Bergsholm Lindgård

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		
Kultur- og ressursutvalet		
Opplærings- og helseutvalet		
Samferdselsutvalet		

Møteplan 2016 for fylkeskommunale organ

Samandrag

Det vert med dette lagt fram forslag til møteplan for 2016. Dei andre fylkeskommunale organa som ikkje er tatt med her, fastset møteplanen sin sjølve. På den elektroniske møteplanen vil ein og ta med dei møtedatoane.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2016 for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Organisasjonsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.06.2015

Etter kommunelova §32 er det organet sjølv eller fylkestinget som fastset møtetidspunkt for fylkeskommunale organ. I delegasjonsreglementet – reglement for sakshandsaming pkt. 5 har fylkestinget delegert til fylkesutvalet å handsama møteplan for fylkestinget, fylkesutvalet, utvala, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Andre organ som kontrollutvalet, klagenemda, yrkesopplæringsnemda, fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne, valnemda og fagskulestyret fastset sjølv møtetidspunkt.

Det har vore praksis at utkast til møteplan blir lagt fram for kultur- og ressursutvalet, samferdselsutvalet og opplærings- og helseutvalet som melding. Møte i andre råd og utval enn dei er nemnde i reglementet pkt 5. vert tekne med i den offentlege/publiserte oversikten så sant organa har vedteke møteplanar.

Den foreslårte møteplanen inneholder ei endring av møtedag for nokre av utvala grunna ønske frå fylkesutvalet 30.01.2014 om at opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet har møter *før* KURE. Slik får dei to fyrste høve gje fråsegn i saker som er samferdselspolitiske eller opplæringspolitiske, og som tidlegare berre har vorte handsama i KURE som regionalpolitiske saker.

Av omsyn til dei fristar som gjeld for innkalling til møte og utsending av saksdokument er det gjort endringar i kva for møtedagar dei ulike utvala har. Dei endringane som er gjort ivaretak dei omsyn som er nemnt over og det ivaretak den vidare saksgangen til fylkesutvalet og fylkestinget.

I sak FU-sak 228/12 vart det vedteke å ha utvalsmøta i same veke av omsyn til gruppemøta i dei politiske partia. Den møteplanen som her ligg føre har møta i kvar si veke, men det er teke omsyn til vedtakets intensjon om eit gruppemøte per møtesekvens i utvala. Alle saksdokument til utvala vil vere utsendt, med unnatak av vedtak gjort i OPHE og SAMU i sakar som skal vidare til KURE kor protokollane vil verte ettersendt, slik at partia kan ha eitt gruppemøte for dei tre utvalsmøta.

Det er eit krav i kommunelova § 45 at innstillinga til årsbudsjettet med alle forslag til vedtak skal leggjast ut til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar før den skal handsamast i fylkestinget. Dette er det teke omsyn til i tidsavstanden mellom fylkesutvalet i november og fylkestinget i desember.

Møteplan Utkast

	Jan	Febr	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			8.-9.			14.-15.				4.-5.		13.-14.
Fylkesutvalet	28.	24. – 25.	31.	20. – 21.	19.	23.		25.	21. - 22.	20.	16. – 17.	8.
OPHE (torsdagar)	14.	10. - 11.	10.	7. 28.		2.		11.	7.-8.	6.	3.	1.
SAMU (torsdagar)	14.	10. - 11.	10.	7. 28.		2.		11.	7.-8.	6.	3.	1.
KURE (tysdagar)	19.	16.	15.-16.	12.	10.	8.		16.	13.-14.	11.	8.	6.
Administrasjonsutvalet*			30.			22.						15.
Fylkesvalstyret**												

*Administrasjonsutvalet har møter dagen før fylkesutvalet tre gonger per år

** 2016 er ikkje eit valår og det er difor ikkje trøng til møter i fylkesvalstyret.

Vinterferie er for dei fleste skulane i veke 9

Haustferie veke 41

Helligdager, høytidsdager og andre merkedager

1. jan	Nyttårsdagen	26. mar	Påskeaften	8. mai	Frigjøringsdag	1945	25. des	Første juledag
7. feb	Fastelavn	27. mar	Første påskedag	15. mai	Første pinsedag		26. des	Andre juledag
20. mar	Palmesøndag	28. mar	Andre påskedag	16. mai	Annen pinsedag		31. des	Nyttårsaften
24. mar	Skjærtorsdag	1. mai	Arbeidernes dag	17. mai	Grunnlovsdag			
25. mar	Langfredag	5. mai	Kristi Himmelfartsdag	24. des	Julaften			